



Solhaugen Barnehage Sa
Storbruhaugen 14
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1728 - 19/1926

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
31.01.2019

Rapport frå tilsyn i Solhaugen barnehage 16.01.2019

Det er barnehagen / barnehageeigar som er målgruppa for tilsynsrapporten. Rapporten skal beskrive tema for tilsynet, formidle dei rettslege krava, kva vi har undersøkt, våre vurderingar og kva vi har konkludert med.

Tema for tilsynet

Det er gjennomført tilsyn med Solhaugen barnehage der temaet var, sitat rammeplan:

- *Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk.*
- *Kommunikasjon, språk og tekst.*

I tilsynet vil rådmannen be om informasjon i høve til korleis barnehagen planlegg, vurderer og dokumenterer tema språk, tekst og kommunikasjon.

Tilsynsmynde har vurdert om barnehagen har ei drift som er lovleg og forsvarleg i høve til Barnehagelova og forskrift. Under kapittel *Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk, og Kommunikasjon, språk og tekst* i Rammeplanen, kjem det tydeleg fram kva barnehagen skal leggje til rette for i arbeidet med språk og kommunikasjon. Med utgangspunkt i dette har tilsynsmynde gjennomført tilsynet i Solhaugen barnehage.

Før tilsynet vart gjennomført ba rådmannen om å få tilsendt fylgjande dokumentasjon:

- Barnehagen sin årsplan.
- Anna relevant dokumentasjon i høve til tema språk og kommunikasjon.
- Plan for implementering av ny rammeplan, fokus på språk og kommunikasjon.
- Kompetanseplanar.

Formålet med tilsyn/rettslege krav

§ 16. Tilsyn

Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov.

Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjeningspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller hvis forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten. Kommunens stengingsvedtak skal sendes fylkesmannen til orientering.



I stedet for eller i tillegg til stenging av virksomheten, kan kommunen bruke økonomiske reaksjoner overfor ikke-kommunale barnehager dersom krav etter § 14 a, eller forskrift i medhold av samme bestemmelse, ikke er overholdt.

Vedtak om retting og stenging og vedtak om anvendelse av økonomiske reaksjonsmidler kan påklages til fylkesmannen.

Tilsynet er dei aktivitetar som kommunen utøver for å sikre seg at barnehagane vert drivne i høve til krav i Barnehagelova og forskrift. I tillegg til å kontrollere om lovverket vert følgd, er det eit tilsynsansvar å gjere faglege vurderingar og gje rettleiing. På nokre område gjev lova detaljerte føringar, medan det på andre område er ope for skjønn.

I tilsynsoppgåva ligg det at det skal førast kontroll med at barnehagane følgjer gjeldande regelverk, og at det vert gitt reaksjonar når ikkje krav vert oppfylte.

Rapporten omhandlar resultat frå tilsynet som var meldt 20.12.2018 og som var gjennomført 16.01.2019.

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon. Det er også gjennomført synfaring i barnehagen og intervju / samtale etter oppsett plan.

Oversikt over personar som mynde hadde samtale med under tilsynet :

Namn	Stilling
Hege Moldøen	Foreldre, sit i styret
Jani Vatle	Barne- og ungdomsarbeidar, sit i styret
Kari Lise Sveinson	Pedagogisk leiar
Ragnhild Langøy	Styreleiar
Anita Heggøy	Styrar / dagleg leiar

Tilsynet vart gjennomført av Astrid Namtvedt Sylta, Lindås kommune og Åshild Hope Herland, Austrheim kommune.

Våre vurderingar

I tilsynsbesøket møtte tilsynsmyde representantar frå dei ulike yrkesgruppene i barnehagen. Mynde hadde også samtale med foreldrepraesentant og styreleiar. Gjennom samtalane fekk mynde oversikt over korleis det vert arbeidd med tema språk og kommunikasjon i barnehagen, og kva kompetanse som er i barnehagen. Mynde fekk og høyre om organisatoriske utfordringar og det «ventemoduset» dei tilsette hadde opplevd før ny styrar var på plass. I Solhaugen barnehage er det tilsett ny styrar og 4 nye pedagogar.

I forkant av tilsynet fekk rådmannen tilsendt ein del dokumentasjon frå barnehagen, mellom anna pedagogisk rapport. Denne gav mynde eit godt bilete av heile barnehagen, styrar og kvar av avdelingane hadde skrive sin del av rapporten. Sjølv om tema for tilsynet var språk og kommunikasjon, var det nødvendig å bruke tid på å snakke om utfordringane knytt til store endringar i personalgruppa. Fleire sa at

no måtte barnehagen starte litt på nytt, det var viktig å bruke tid på rolleavklaringar og forventningar. Dette la også styreleiar vekt på. Foreldrerepresentanten sa at som foreldre kunne dei merke at det var skjedd ei positiv endring i barnehagen. Ho presiserte at sjølv om det hadde vore ein del utfordringar og store endringar i personalgruppa, hadde dette aldri hatt innverknad på jobben som vart gjort i høve til barna. Særleg fokus på DUÅ arbeidet, vart framheva som positivt. Foreldrerepresentanten sa det slik: «*Det er stor forskjell på før og etter DUÅ.*» Elles fortalde ho om *språktur* ein gong i veka. Her var ei lita gruppe barn og ein vaksen ute, i leik og på tur. Hovudfokuset var språkarbeid.

Styrar har hatt kompetanseutvikingssamtale med alle dei tilsette. Generelt vert språkløyper, DUÅ, leik og læringsmiljø framheva som gode måtar å utvikle barnehagen på. Styrar konkluderer med at det er mykje kompetanse i Solhaugen barnehage. Vidare seier ho: «*Jeg tillater å si at Solhaugen barnehage har mange nytilsatte pedagoger, og vi har behov for å være nye og leite etter vår retning.*»

I Solhaugen barnehage er det stort fokus på språkarbeid. Dette barnehageåret vert særleg språkløyper og DUÅ- arbeid framheva. Dei tilsette snakkar varmt om DUÅ, *me snakkar same språk*, sa dei. Språkløypene og Lindås som språkkommune, vart og omtala som positivt. På småbarnsavdelingen jobbar dei mellom anna med å visualisere bøker, bøker var lett tilgjengeleg for barna, og det var bilete på veggjar og golv. Det vart og nytta konkretar i dette arbeidet. Det vart og framheva at dei vaksne var flinke til å vere *på golvet* saman med barna. Dette gav ein unik sjanse til å vere gode språkmodellar for barna. Det vart og sagt at dei vaksne i barnehagen var flinke til å utnytte kvardagssituasjonane, ha fokus på språk i kvardagen. På stor avdeling fortalde dei korleis dei nyttar dagtavle og påkledningsplakat saman med barna. Barna hadde ansvar for å fortelje kva klede me må ha på oss i dag.

Dei tilsette i Solhaugen barnehage jobbar svært målretta med relasjonsbygging, både i høve til barn og vaksne. I personalgruppa er det ein del som har reduserte stillingar. Dette kan vere ei utfordring, men det kan og «utnyttast» positivt. Ved behov for vikarar går ofte dei med reduserte stillingar inn og tar ekstra vakter. Dette fører til større stabilitet i gruppa, og mindre behov for nye vikarar.

I Solhaugen barnehage vert det arbeidd målretta med språk, tilpassa etter alder. Her kan mellom anna nemnast:

- Heile barnehagen jobbar med språkløyper
- Heile barnehagen jobbar med DUÅ
- Nyttar dagtavle og påkledningsplakat
- Nyttar dialogisk lesing og Bravo som metode
- Nyttar TRAS
- Brukar språket bevisst, brukar rette namn på ting t.d ause, visp, spurv
- Jobbar litt i språkgrupper, men kan verte betre, sa ein av dei tilsette
- Nyttar teikn til tale, TTT
- Lagar DUÅ strategiplanar
- Ressursteam saman med PPT vart framheva som svært nyttig

Ved hjelp av Vigilo, dagleg kontakt og månadsbrev, vert foreldre godt informert om «livet» i barnehagen.

Som det allereie er sagt, kjenner dei tilsette på at dei er litt i startgropa. Dei har såleis ein del område dei ønskjer å ta meir tak i. Her kan mellom anna nemnast:

- Jobbe meir med årsplanen
- Ha enno større fokus på DUÅ, sikre at dette festar seg godt i heile barnehagen

- Pedagogisk leiar vil jobbe meir med rettleiing av personalet
- Det var ønskje om å få hospitere i andre barnehagar
- Solhaugen barnehage er eigd av foreldre. Det vert difor viktig å ha fokus på eigarmøte, ikkje berre foreldremøte.

Tilsynsmynde oppsummerte med at dei tilsette må gje seg tid, dei var mykje på golvet med barna og dei var gode rollemodellar.

Konklusjon

Solhaugen barnehage oppfyller krava i Rammeplanen i høve til arbeidet med språk, tekst og kommunikasjon.

Samsvar med Barnehagelova

Tilsynsmynde har i tilsynet med Solhaugen barnehage ikkje avdekka lovbrøt.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Solhaugen Barnehage Sa

Storbruhaugen 14 5955

LINDÅS